



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Jorunn Fosse Fidjestøl
Telefon: 57643156
E-post: fmsfjfi@fylkesmannen.no

Vår dato
24.10.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2015/4128- 423.1
Dykkar referanse

Eide fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS
v/ Arne Herre Staveland
Eidesstøa
5640 EIKELANDSOSEN

Vedtak i klagesak som gjeld utviding av akvakulturanlegg på Ospeneset i Lindås kommune

Fylkesmannen er i brev av 24.11.2015 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppnemnt som settefylkesmann for å avgjere klagesaka. Det er klagar innan fristen, og vilkåra for å handsame saka er oppfylte. Saka har dessverre blitt gammal hjå oss, og Fylkesmannen beklagar dette.

Vedtak


- Fylkesmannen avviser klagen frå Per Kristian Teige, på vegner av hytteeigarar og fastbuande.**
- Fylkesmannen omgjer vedtaket frå Lindås kommune dagsett 16.07.2015, slik at det vert gitt midlertidig dispensasjon til tiltaket. Dispensasjonen gjeld inntil vidare. Kommunen kan ved pålegg trekkje dispensasjonen attende.**

Bakgrunn for saka

Eide fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søkte 15.05.2015 om dispensasjon for utviding av areal for akvakulturlokalitet ved Ospeneset. Bakgrunnen for søknaden er at stålanlegget som låg på lokaliteten, havarerte under ekstremværet Nina, januar 2015. For å starte opp att produksjonen ønskjer Eide Fjordbruk å byte ut stålanlegget med plastringsanlegg, som er sikrere for vær og vind. Denne type anlegg krev større areal for å oppnå same produksjon som med stålanlegget. For å oppretthalde same produksjon som før, ønskte tiltakshavaren opprinneleg å legge ut seks plastringar i to rekkjer. Søknaden vart så justert, til å gjelde tre plastringar i ei rekkje. Dette medfører at produksjonen vil bli redusert med om lag 40 % samanlikna med tidlegare lovleg drift på lokaliteten.

Det opphavlege stålanlegget låg innanfor område sett av til akvakultur i kommuneplanen, vedteken 22.09.2011. Det nye anlegget vil ta opp eit areal på 100 x 300 meter. Samanlikna med eksisterande akvakulturområde vil anlegget komme 100 meter lengre ut i fjorden. Samstundes vil anlegget flyttast noko lengre ut frå land, slik at areal inne ved land vert frigjort. Avstanden mellom det nye anlegget og land vert på om lag 85-100 meter. Det vil seie at eit område på 100 x 100 meter (10 daa) vil kome inn i område som er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag, med underfermålsferdsle, natur, fiske og friluftsliv (FNFF) i kommuneplanen. Det går fram av saka at også ein fôrflåte vil komme inn i FNFF-området.

Fortøyingane til anlegget vil også strekkje seg ut i FNFF-området. Ifølgje føresegnene til kommuneplanen punkt 6.2 andre setning, er ikkje arealføremålet til hinder for at naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur kan gå inn i slikt område.



Teikning av tiltaket det er søkt dispensasjon for med raudt omriss. Eksisterande akvakulturområde er markert med gul strek (våre uthevingar).

Kommunen

Kommunen gav dispensasjon for tiltaket 16.07.2015. Kommunen har lagt avgjerande vekt på at anlegget får betre driftstilhøve og betre fiskehelse, og at anlegget vert sertifisert for høgare påkjenningar. Kommunen konkluderte såleis med at vilkåra for dispensasjon er til stades.

Merknader frå klagaren

Fylkesmannen i Hordaland gav fråsegn til dispensasjonssøknaden 22.06.2015, og rådde frå dispensasjon. Klagaren viste til at utvidingar bør gjerast gjennom planavklaringar, og til at Lindås kommune vil få ein uheldig praksis dersom utvidingar i kommunen skjer gjennom dispensasjonar, og at dette vil undergrave planen som styringsverktøy. Klagaren meinte at verknadene for miljø og samfunn var for lite utgreidd.

Etter at dispensasjonen vart gitt, klaga Fylkesmannen i Hordaland på vedtaket 12.08.2015. Fylkesmannen viste til tidlegare fråsegn, og viste til at dei framleis sakna faglege vurderingar av konsekvensane ved ei utviding av anlegget utanfor det allereie etablerte akvakulturområdet.

Etter å ha vurdert ny dokumentasjon saka, som klagaren ikkje hadde tilgang til på klagetidspunktet, valde klagaren å halde fast ved klagen i brev dagsett 28.09.2015. Klagaren meiner dokumentasjonen ikkje svarar tilstrekkeleg på innhaldet i klagen, og framhevar særleg at det manglar ei vurdering av samla belastning på fjordsystemet.

Merknader frå tiltakshavaren

Etter at klagesaka var i gang, er det komne til fleire fråsegner som tiltakshavaren viser til.

Wikborg Rein v/ adv. Thomas Andreassen og Grunde Bruland har 18.08.2015 kome med merknader til saka på vegner av tiltakshavaren. Tiltakshavaren framhevar i hovudsak:

- Klagen er eit uttrykk for at klagaren på prinsipielt grunnlag er motstandar av dispensasjonar frå vedtekne arealplanar
- Det særskilte ved lokaliteten er at den har vore gjennom havari, og at tiltakshavaren ønskjer nytt og sikrere anlegg
- Rapportar frå Rådgivende biologer og Akvasafe som viser at dispensasjonen ikkje vil gi auka utslepp, og at risiko for auka ureining er lite truleg
- Gjeldande utsleppsløyve på lokaliteten, og dei vurderingane som mellom anna Fylkesmannen i Hordaland tidlegare har gjort
- Utslepp, smittefare og vurderingar knytt til fiskehelse og –velferd, skal gjerast av Fylkesmannen og av Mattilsynet i samband med konsesjonssøknad på lokaliteten.
- Situasjonen for oppdrettsanlegg i regionen tilseier ikkje noko avslag, tvert imot bør ein ta i bruk så sikre anlegg som mogleg.
- Dispensasjonen kan ikkje undergrave planen som styringsverktøy, sidan det er gjort ei rekkje avvegingar knytt til akvakultur i området i kommuneplanprosessen
- Akvakultursøknaden vert lagt ut til offentleg ettersyn og gjev såleis høve for dei som vil uttale seg om tiltaket til å gjere det

Andre merknader

Hytteeigarar og fastbuande, representert ved Per Kristian Teige, har klaga til kommunen på støyforureining og spørsmål om kontroll på utslepp på lokaliteten på Ospeneset i brev dagsett 14.01.2016. Det har vore dialog og møte mellom denne gruppa og tiltakshavaren. Teige klagar på støy frå förflåten og er bekymra for miljøverknaden av tiltaket. Teige har fått svar frå Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernaving 14.04.2016 om støyen.

Møte mellom tiltakshavaren og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Det vart gjennomført møte mellom tiltakshavaren og Fylkesmannen 26.02.2016, etter ønske frå tiltakshavaren. Tiltakshavaren peikar på at dei legg ned store beløp i å auke tryggleiken, og minske risikoen for rømming og anna miljøskade. Tiltakshavar viste på nytt til vurderingar frå Akvasafe, og frå Rådgivende biologer, og meinte at desse dokumenterer at påverknaden på miljøet som følgje av denne søknaden er mindre samanlikna med det som ligg inne i løyvet som er gitt. Tiltakshavaren viste også til at dei på lokaliteten vil ha ei merd med triploid fisk som ikkje gjev genetisk ureining ved eventuell rømming. Tiltakshavaren viste også til at dei er generelt aktive med omsyn til planlegging i sjøen, men at denne saka har særskilde omstende knytt til seg.

Vi nemner også at Hordaland fylkeskommune 08.04.2016 har gitt mellombels løyve til akvakulturanlegg i tråd med kommunen sitt dispensasjonsvedtak.

Klagaren kravde i samband med klagen utsett iverksetjing av vedtaket. Kommunen av slo utsett iverksetjing i brev dagsett 24.08.2015. Fylkesmannen har ved ein feil ikkje handsama spørsmålet om utsett iverksetjing av vedtaket. Vi ser at dette er uheldig, og vi beklagar dette.

Regelverk

Vi skal som klageinstans sjå til at kommunen under handsaminga av saka har følgd dei lovene, forskriftene og sakshandsamingsreglane som gjeld på området. Fylkesmannen kan under klagehandsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnet skal Fylkesmannen leggje vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Kommunal planlegging skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for bruk og vern av ressursar, jf. plan- og bygningslova § 1-1 andre ledd og § 3-3. Planlegginga skal sikre openheit, føreseielege avgjerder og medverknad for alle råka interesser, og det skal leggjast vekt på berekraftige løysingar.

Det aktuelle området er i kommuneplanen sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag, med kombinerte underformål ferdsel, fiske, natur og friluftsliv (FFNF), jf. plan- og bygningslova § 11-7 andre ledd nr. 6 og vedlegg I til kart- og planforskrifta¹. Ferdselsføremålet skal ivareta ivareta omsyn til framkomelegheit og tryggleik for dei som ferdist på sjøen. Fiskeriformålet skal ta vare på omsynet til utøving av fiske, og omsynet til sjølve fisken som lever i området. Naturføremålet og friluftslivsføremåla skal i vareta omsynet til naturen og moglegheiter for folk til å utøve eit aktivt friluftsliv.

Det går fram av plan- og bygningslova § 11-6 at kommuneplanen er bindande for nye eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltak i strid med plan eller føresegner i plan- og bygningslova, kan berre godkjennast dersom det samstundes vert gjeve dispensasjon frå føresegna tiltaket strid mot, jf. plan- og bygningslova kapittel 19. Dispensasjon krev grunngjeven søknad. Etter forvaltningspraksis skal grunngjevinga for å dispensere vere spesiell og gjelde særleg for tiltaket, og kommunen skal ikkje dispensere ut frå meir generelle vurderingar. Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er rettslege vurderingstema, ikkje eit kommunalt skjønn. Det er derfor ikkje høve til å leggje nemneverdig vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Kommunen skal etter plan- og bygningslova § 12-1 andre ledd syte for at det blir utarbeidd reguleringsplan når det følgjer av lova eller av kommuneplanen, og elles når det grunna private og offentlege interesser er behov for å sikre forsvarleg planavklaring. Etter føresegna tredje ledd er det eit lovfesta krav om reguleringsplan for gjennomføring av «større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Offentlege avgjerder som gjeld naturmangfaldet skal leggje til grunn prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningslinjer for avgjerda. Prinsippa omhandlar kunnskapsgrunnlaget, vurdering av samla belastning på eit økosystem, føre var-prinsippet, kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Fylkesmannen si vurdering

I tillegg til klagen frå Fylkesmannen i Hordaland, har hytteeigarar og fastbuande, representert ved Per Kristian Teige, kome med klage til kommunen dagsett 14.01.2016. Teige klagar mellom anna på støy frå forflåten og er bekymra for miljøverknaden av tiltaket. Det er noko uklart om klagen rettar seg mot dispensasjonen, men sidan deler av innhaldet i klagen kan oppfattast som ein klage på dispensasjonen, har vi vurdert spørsmålet om klagerett.

Klagen er dagsett 14.01.2016, om lag seks månader etter dispensasjonsvedtaket som vart gjort 16.07.2015. Ifølgje forvaltningslova § 29 andre ledd andre setning går klagefristen for vedtak som går ut på å gje nokon ein rett, seinast ut etter tre månader for andre klagarar. Vilkåra for å handsame denne klagen er difor ikkje til stades, og vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for fristoppreisning i saka, jf.

¹ Forskrift 26.06.2009 nr. 861 om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskriften)

forvaltningslova § 31 andre ledd. Klagen skal såleis avvisast. Vi har såleis heller ikkje teke stilling til spørsmålet om rettsleg klageinteresse.

Saka gjeld utviding av areal for akvakulturanlegg ut i område som er sett av til ferdsle, natur, fiske og friluftsliv (FNFF) i kommuneplanen.

Føresegnene til kommuneplanen punkt 6.2 har teke høgde for at fortøyingar av akvakulturanlegg kan liggje i FNFF-område. Det vert difor utvidinga av sjølve anlegget på overflata og fôrflåten som treng dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen. Storleiken på utvidinga/arealet som kjem i strid med arealføremålet, er ca. 100 x 100 meter pluss arealet som fôrflåten krev.

Utgangspunktet er at kommunen skal regulere arealbruken gjennom kommuneplanen for å få ei heilskapleg vurdering av bruken av områda i kommunen. Gjennom ein grundig planprosess kan kommunen sikre at offentlege og private standpunkt kjem fram, slik at planar for arealdisponeringa vert fastlagt på eit best mogleg grunnlag. I planleggingsprosessen må ulike interesser, fordeler og ulemper, vegast opp mot kvarandre, og det må konkluderast etter ei samla vurdering.

Dispensasjon kan ifølgje § 19-2 andre ledd berre gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved dispensasjonen vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det følgjer av lovførearbeida, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) pkt. 6.19 s. 242, at det ikkje skal vere kurant å gje dispensasjon etter § 19-2.

Tiltakshavaren har gyldig løyve til å drive akvakultur, og lokaliteten ved Ospeneset er avklart i gjeldande kommuneplan. Det er såleis høve til å setje opp nytt stålanlegg på lokaliteten. Samanlikningsgrunnlaget blir då kva konsekvensar dispensasjonen kan få, samanlikna med ei reetablering av det opphavlege anlegget. Spørsmålet vert vidare om arealutvidinga og forskyvinga av anlegget si plassering vil setje omsyna bak arealføremålet vesentleg til side, og om fordelane med dispensasjonen er klart større enn ulempene. I motsett fall vil vilkåra for å dispensere ikkje vere oppfylte, slik at søknaden må avslåast.

Dokumentasjonen i saka, og vårt vurderingstema

Eit sentralt spørsmål er om konsekvensane av dispensasjonen er tilstrekkeleg utgreidde, og om manglande utgreiing i så fall vil setje omsyna bak planen vesentleg til side, eller vere ei ulempe med dispensasjonen. Dette reiser også spørsmålet om saka er godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17 første ledd og § 33 siste ledd.

Kommunen gjorde dispensasjonsvedtaket 16.07.2015. Det er kome til mykje dokumentasjon til saka etter dette tidspunktet, og vi gjer i det følgjande greie for dette. Som klageinstans kan vi ta omsyn til etterfølgjande omstende, jf. forvaltningslova § 34 andre ledd. Vi har vurdert saka som godt nok opplyst til å ta avgjerd. Vi har sett på den tilgjengelege dokumentasjonen som mellom anna inneheld faglege vurderingar av kva verknader for miljø og naturmangfald eit akvakulturanlegg i dette området har hatt, og av sannsynlege verknader av ei forskyving av anlegget og ein endra arealbruk.

Miljøpåverknaden frå anlegget som no er havarett, er undersøkt. På saka ligg rapportar frå to MOM B-granskingar² av lokaliteten Ospeneset frå desember 2012 og frå desember 2014. Vidare har

² Miljøovervaking av botnpåverknad for marine oppdrettsanlegg, NS 9410.

Rådgivende biologer (RB) gitt tre fråsegner til saka, dagsett 21.07.2015, 09.09.2015 og 10.09.2015, der det også vert vist til ei MOM C-gransking³ som er gjort i 2014.

På saka ligg også fråsegn frå Akvasafe dagsett 16.07.2015. Akvasafe vart som ansvarleg inspeksjonsorgan beden om å oppsummere tiltakshavaren si vurdering av ny type anlegg etter havariet, og sikre at desse var i tråd med NYTEK-forskrifta og NS9415:2009. I fråsegna frå Akvasafe dagsett 16.07.2015 er det gjort greie for vurderingar av flytekrage, not, flåte og fortøyingssystem.

Fiskeridirektoratet har 21.08.2015 uttalt seg til spørsmålet om dispensasjonen vil påverke fiskeriinteressene.

Vi har også sett på løyve etter akvakulturlova til utviding av lokaliteten dagsett 08.04.2016. I saka etter akvakulturlova ligg det vedtak med underliggjande vurderingar frå Kystverket 13.08.2015 om ferdslø på sjøen, frå Fylkesmannen i Hordaland 12.02.2013 om utslepp og miljøpåverknader og frå Mattilsynet 06.08.2015 om fiskehelse og smittespreiing. Vi finn at desse dokumenta også er relevante for våre vurderingar i dispensasjonssaka.

I det følgjande gjer vi greie for våre vurderingar av dokumentasjonen som er nemnt over, og kva betydning dei får for vår vurdering av om vilkåra for dispensasjon i plan- og bygningslova § 19-2 er til stades. Vårt vurderingstema er kva konsekvensar dispensasjonen vil få, samanlikna med verknadene av eit anlegg tilsvarande det opphavlege stålanlegget, som lovleg kan plasserast ut att.

For å kunne gjere ei konkret vurdering av vilkåra i lova, er det nødvendig å ta stilling føreliggjande dokumentasjon. Vi har nedanfor gjort greie for kva verknader dispensasjonen etter vår vurdering mest sannsynleg vil få for rømmingsfare, fiskevelferd og fiskehelse, miljøpåverknad frå utslepp og sannsynleg samla miljøverknad for fjordsystemet. Vi har vidare vurdert kva sannsynlege verknader dispensasjonen vil få for omsyna bak arealføremålet for området. Vi har også vurdert spørsmålet om krav om reguleringsplan for tiltaket etter plan- og bygningslova § 12-1, tredje ledd.

Til slutt vurderer og konkluderer vi på spørsmåla om omsyna bak planen eller føremålsparagrafen i plan- og bygningslova er vesentleg sett til side, og om fordelane med dispensasjonen er klart større enn ulempene.

Rømmingsfare, fiskevelferd og fiskehelse

I vurderinga av miljørisiko finn vi det relevant å sjå på vurderingane frå Akvasafe dagsett 16.07.2015 av redusert rømmingssisiko ved ny type anlegg. Her er det gjort greie for vurderingar av flytekrage, not, flåte og fortøyingssystem. Vurderinga vert oppsummert slik:

«Fordelen med flytekrage av plast er at den tilfredsstiller høgere krav til styrke og sikkerhet i henhold til NS9415:2009 enn en flytekrage av stål. Dette vil medføre et høgere sikkerhetsnivå i forhold til rømming av fisk. Ulempen er at rammefortøyning til plastring er mer arealkrevende. I forhold til rømmingssikkerhet vurderes fordelen klart større enn ulempen for naturmiljøet.»

Klagaren viser til at det har vore fleire rømmingar frå plastring-anlegg enn på stålanlegg, og har av dette slutta at rømmingsfaren ikkje er mindre på plastringanlegg. Det går fram av e-post frå Fiskeridirektoratet, ved tilsynssjef Henrik Hareide, dagsett 16.12.2015, at klagaren si attgjeving av rømmingsstatistikken vert misvisande. Mellom anna skuldast dette at det på landsbasis no er langt

³ Miljøundersøking av kvalitativ og kvantitativ påverknad frå anlegg på resipient.

fleire anlegg av plast enn av stål, slik at det vil vere fleire rømmingshendingar frå plasthanlegg totalt sett. For å vurdere om det er signifikant forskjell mellom anleggstypane, må det køyrast større analysar. Ifølgje Fiskeridirektoratet ligg det ikkje føre slike større analyser/undersøkingar som samanliknar rømmingsrisikoen hjå stålanlegg og plasthanlegg.

Fylkesmannen vil her streke under at dei tekniske vurderingane gjort av Akvasafe er etter vår vurdering likevel er relevante, då dei i alle fall vil kunne seie noko om større/mindre risiko for rømming i dei ulike anlegga.

Rådgivende Biologer viser i si fråsegn dagsett 21.07.2015 til at plastringanlegg medfører større avstand mellom bura og god vassgjennomstrøyming i anlegget, noko som vil sikre gode oksygenforhold og bidra til god fiskevelferd. God fiskevelferd reduserer sjukdomsfaren, og dermed også risikoen for spreiding av sjukdom til villfisk og andre artar. I tillegg vil større samla merdvolum gje meir fleksibilitet ved behandling mot lus og AGD i brønnbåt på lokaliteten. Det nye anlegget vil ifølgje RB difor ikkje medføre auka lakselus-smitte på lokaliteten.

Mattilsynet har 06.08.2015 gjort vedtak om godkjenning av endring av plassering og arealutviding på lokaliteten. Vedtaket inneheld vurderingar av type anlegg, straumforhold, fiskehelse, smittespreiding og kunnskapsgrunnlaget, som i sin heilskap stemmer overeins med det Rådgivende biologer har kome til. Mattilsynet meiner at endringa av plasseringa i fjorden i seg sjølv truleg ikkje får noko å seie for vassgjennomstrøyming og oksygentilførsel. Mattilsynet har konkludert slik:

«Strømmålingene og miljøundersøkelsene som var vedlagt er vurdert som tilfredsstillende. Totalt sett vurderer Mattilsynet den omsøkte endringen av lokalitet Ospeneset som positiv med tanke på fiskehelse og fiskevelferd og godkjenner endringen av arealbruk og plassering som omsøkt.»

Fylkesmannen vurderer etter dette dokumentasjonen i saka slik at ny type anlegg mest sannsynleg vil redusere rømmingsfaren, og dermed også smittefaren og faren for at oppdrettslaksen utvatnar villfiskbestanden.

Dokumentasjonen som ligg føre tilseier etter vår vurdering også betre tryggleik, fiskehelse, fiskevelferd og mindre fare for rømming ved bruk av plastring-anlegg enn ved bruk av stålanlegg. Vi meiner dette er relevante moment som skal vektleggjast i ei heilskapsvurdering av miljøverknadene av dispensasjonen, og dei natur- og fiskeriinteressene som ligg til grunn for FFNF-formålet i kommuneplanen.

Miljøpåverknad frå utslepp

Rådgivande biologer har vist til at botnen og fjorden ved Ospeneset vert overvaka. Rapportar frå granskingar av lokaliteten har vist beste tilstandsklasse på botnen under anlegget, og nest beste tilstandsklasse for fjorden. RB siterte oppsummeringa frå rapporten for Austfjorden slik:

«I høve til MOM C-indeksen for botndyr hamna stasjon C1 og C2, i nær- og overgangssona i beste klasse (miljøtilstand 1). Blautbotnfauunaen i høve til rettleiar 02:2013 viste til god økologisk tilstand (til standsklasse "god") på samtlige lokalitetar og framstod som upåverka av organiske tilførselar. Resultat frå resipientgranskinga syner at anlegget ved Ospeneset i liten grad påverkar resipienten negativt og syner at Austfjorden har god kapasitet til omsetting av organiske tilførselar.»

Gjennom undersøkingane som er gjort, har kunnskapsgrunnlaget kring lokaliteten auka etter at kommuneplanen vart vedteken, og rapportane tyder på at lokalisering av akvakulturanlegget ikkje har hatt uheldige verknader på miljøet. Det er såleis ikkje noko som tilseier at anlegget slik det låg fram til havariet har gjort irreversibel skade på miljøet. Dette taler for at ei reetablering med

omlegging av produksjonen med plastringar og redusert 3.120 tonn MTB med 40 % heller ikkje vil setje til side miljøomsyn, sjølv om sjølv arealet vert utvida med 10 daa. Dispensasjonen legg opp til ein betydeleg reduksjon av utslepp samanlikna med gjeldande utsleppsløyve. Det vil i seg sjølv medføre mindre miljøpåverknad og eit mindre bidrag i den samla belastninga for fjordsystemet enn det det tidlegare anlegget legg opp til.

I samband med gjeldande utsleppsløyve som var gitt 12.02.2013 har Fylkesmannen i Hordaland uttalt seg om miljøpåverknaden ved Ospeneset:

«Kunnskapsgrunnlaget om resipienten er godt og er tufta på strømmålingar og MOM B-undersøkingar. Kunnskapen om samanhengen mellom mengd lakselus på villfisk og mengd oppdrettsfisk i området er og god. Oppbygging av biomassen i Austfjorden vil ha negative konsekvensar for villfisken i området.

Fåra for irreversibel skade blir vurdert som liten. For å unngå vesentleg skade på villfisken ser vi det som viktig å overvake sjøaurebestandane i området.

Den samla belastninga på resipienten (bæreevne for organisk belastning) blir følgt opp med MOM C undersøkingar. Påverknaden på villfisk i området må og vurderast.

.....

Eide Fjordbruk AS har eit særskilt ansvar for å nytte seg av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å i størst mogleg grad minimalisere negativ påverknad på miljøet og for å sikre levelege vilkår for sjøauren i området.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.»

Vi registrerer at Fylkesmannen i Hordaland i sitt utsleppsløyve har vurdert kunnskapsgrunnlaget som godt, og faren for irreversibel skade som liten. Det er vidare angitt aktuelle tiltak for å følgje med på miljøverknadene av tiltaket, så som overvaking av sjøauren, oppfølging med MOM C-undersøkingar og vurdering av påverknad på villfisken. Fylkesmannen i Hordaland legg vidare vekt på at tiltakshavaren har eit særskilt ansvar for å nytte seg av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Samla verknad for fjordsystemet

Klagaren framhevar særskilt risikoen som følgje av den samla belastninga for fjordsystemet. Klagaren har vist til naturmangfaldlova og meiner at tiltaket ikkje er godt nok utgreidd og viser til naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

All den tid det i kommuneplanen er lagt inn eit anlegg i denne delen av kommunen, og i denne delen av fjorden, er det allereie gjort ei vurdering på kommuneplan-nivå av at det skal ligge eit akvakulturanlegg i dette området.

Det ligg ikkje føre noko samla vurdering av oppdrettsanlegg i fjordsystemet og kva samla effekt det kan få dersom fleire eller alle vert utvida. Vi har difor vurdert det eksisterande kunnskapsgrunnlaget for å ta stilling til om dispensasjonen, samanlikna med det å plassere ut eit anlegg av den gamle typen, vil gje eit negativt bidrag til den samla belastninga for fjordsystemet.

Ein risiko som gjeld den samla belastninga for økosystemet, er at avfallet frå plastringsanlegget kan bli spreidd på ein annan måte i fjordsystemet når det kjem ut på djupare vatn.

Det opprinnelege anlegget er oppgitt av RB til å liggje på ca. 120 meters djupn på det grunnaste, og ut til ca. 370 meters djupn på det djupaste. Ei forskyving av anlegget vil medføre at det vert drege ut

på djupare vatn, slik at det vert større avstand til botn for heile anlegget, på det djupaste over 600 meter. RB vurderer verknaden av forskyvinga av anlegget slik i fråsegn 10.09.2015:

«Større avstand til bunn under det omsøkte anlegget, vil bidra til at tilførslene blir spreidd over et enda større areal. Dette gjør at økosystemene på bunnen under anleggene vil få en mindre belastning per arealenheter, og vil derfor være bedre i stand til å holde tritt med nedbrytingen og omsettingen av tilførslene.»

Rådgivende Biologer har tidlegare, i MOM B-gransking frå 2014 uttalt seg om straumtilhøva ved lokaliteten:

«Resultat frå 1- årsmåling av straum i ulike måleperiodar gjennom 2011 og 2012 frå overflate- og vassutskiftingsstraumen på 5 og 15 m djup viser at straumen i all hovudsak er "sterk" til "svært sterk" (Brekke, 2012). Dette vil medføre at spreingsstraumen og omsetjing av organisk materiale under anlegget på Ospeneset fører med seg avfall mot blant anna den store og opne resipienten i Fensfjorden som ikkje har problem med og omsetje organisk avfall frå anlegget.»

Samanfatning av samla verknad for fjordsystemet:

Vi har over konkludert med at ny type anlegg mest sannsynleg vil gje mindre rømmingsfare.

Mattilsynet har i si totalvurdering kome til at tiltaket positivt for fiskehelse og fiskevelferd.

Fylkeskommunen, som ansvarleg mynde for konsekvensutgreiing, har vurdert saka som tilstrekkeleg utgreidd for å gje løyve til endring av plassering. Det kan ha negative verknader at avfallet vert spreidd over eit større område, men det kan også bidra til at økosystema lettare kan halde tritt med nedbryting av tilførslane. Straumen vi ta med seg avfall mot Fensfjorden, som vil tole dette. Det er i eksisterande løyve gitt som vilkår at påverknaden på fjordsystemet skal overvakast, for å eventuelt reagere dersom tilstanden endrar seg.

Konklusjon for samla miljøverknad:

Ut frå ei heilskapleg vurdering meiner vi at det eksisterande kunnskapsgrunnlaget er godt nok til at det kan gjerast ei vurdering av forskyving av akvakulturanlegget. Førre var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier derfor heller ikkje at omsyna bak arealdisponeringa i kommuneplanen vert sett vesentleg til side.

Endringa, som medfører ein ny type anlegg og forskyving ut på djupare vatn, kombinert med eit redusert utslepp på om lag 40 %, vil etter vår vurdering mest sannsynleg påverke den samla belastninga i positiv lei, samanlikna med den planavklarte situasjonen.

Arealutnytting

Det aktuelle området er i kommuneplanen sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag, med kombinerte underformål ferdsel, fiske, natur og friluftsliv (FFNF), jf. plan- og bygningslova § 11-7 andre ledd nr. 6. Vi vurderer i det vidare dispensasjonen sine verknader for dei interessene arealføremålet FFNF skal ivareta, og om dispensasjonen vil setje omsyna bak arealføremålet vesentleg til side. Det går fram av klagen at det særskilt er overordna planfaglege omsyn, omsynet til konsekvensane for vill anadrom fisk og samla belastning på fjordsystemet som er dei avgjerande argumenta til klagaren. Desse omsyna er vurderte på s. 7-9 og s. 10-11 i dette brevet. Utover dette er det ikkje vist til konkrete moment frå klagaren side som tilseier at planføremålet vert vesentleg sett til side ved dispensasjonen, men dei saknar ei vurdering av verknadene for friluftslivet frå kommunen si side.

Ferdselsføremålet skal ivareta ivareta omsyn til framkomelegheit og tryggleik for dei som ferdast på sjøen. Når det gjeld ferdsel på sjøen, har Kystverket gitt løyve til endring av lokalitet i vedtak dagsett 13.08.2015, og her går det fram at «etter Kystverkets vurdering vil ikkje etablering av anlegg som omsøkt utgjere noko ytterlegare hinder for vanleg og pårekeleg sjøtrafikk i området.» Med dette finn vi at omsynet til ferdsel i området er tilstrekkeleg utgreidd og vurdert frå statlege sektorstyresmakter, og at omsynet til ferdsel ikkje er vesentleg sett til side ved dispensasjonen.

Fiskeriformålet skal ta vare på omsynet til utøving av fiske, herunder fritidsfiske, og omsynet til sjølve fisken som lever i området. Ifølgje kart over fiskeriinteresser i området, vil ikkje anlegget komme i konflikt med desse, men det har vore spørsmål om fortløyvingane kunne kome i konflikt med to låseplassar⁴ aust og vest for Ospeneset. Fiskeridirektoratet har i si fråsegn til dispensasjonen dagsett 24.07.2015 konkludert med at det ikkje ligg føre vesentlege konsekvensar for fiskeriinteressene, og vi kan heller ikkje sjå andre moment i saka som talar for at fiskeriomsynet er sett vesentleg til side ved dispensasjonen.

Naturføremålet og friluftslivsføremålet skal ivareta omsynet til naturen og moglegheiter for folk til å utøve eit aktivt friluftsliv. Tiltak som er til ulempe for desse formåla, slik som faste installasjonar, anlegg og bøyer, er difor i utgangspunktet ikkje tillatne. Lokaliteten på Ospeneset ligg i utkanten av eit viktig regionalt friluftsområde. Dette er også tilfelle for det eksisterande akvakulturområdet som ligg inne i kommuneplanen, og moglege meirulempar for natur- og friluftsføremåla bør difor vurderast nøye.

Ei utviding av arealet for akvakulturanlegget på overflata vil gjere at fritidsbåtar og padlarar som skal passere på utsida av anlegget, vert pressa noko meir ut mot midten av fjorden. Slik søknaden er sett fram vil det nye anlegget bli trekt meir ut, slik at den inste delen av anlegget vil komme lengre ut, til om lag 85-100 meter frå land. Det vil seie at den totale bandlegginga av areal med det nye anlegget ikkje utgjere ein auke fullt så stor som 100 m x 100 m. Flyttinga ut frå land gjer at det med det nye anlegget vert lettare for fritidsbåtar og padlande å ferdast på innsida av anlegget enn då stålanlegget låg der, og det vert romslegare inne ved strandlinja. Sjølv om fiske- og ferdselsforbodet i akvakulturdriftsforskrifta⁵ § 18 bandlegg ei sone på 20 meter ut frå anlegget, vil det bli breiare passasje på innsida av anlegget, slik at småbåtar og padlande kan passere nærmare land.

Området inne ved land, som no vert frigjort, vil like fullt framleis vere sett av til akvakulturområde i kommuneplanen, og friluftslivet har såleis ikkje noko særskilt vern i kommuneplanen i dette området. Eventuelle framtidige anlegg her vil såleis ikkje krevje dispensasjon frå kommuneplanen, men det vil krevje løyve etter akvakulturlova, der ei interesseveging skal gjerast, etter § 16. Der kan det vere eit relevant moment at også det eksisterande akvakulturområdet ligg inne i eit viktig friluftsområde.

Uavhengig av fritidsferdsle inne ved land, er fjorden ved Ospeneset om lag 1500-1600 meter brei. Det vil seie at breidda på fjorden utanfor anlegget framleis gjev rom for ferdsle og friluftsliv, slik at det skal vere god plass både til nytte- og fritidstrafikk på sjøen. Austfjorden strekkjer seg i overkant av 30 kilometer innanfor sjøområdet til Lindås kommune. Det er nokre akvakulturanlegg på strekninga, men fjorden sett under eitt har store område tilgjengelege for utøving av aktivt friluftsliv. Omsynet til nok plass for utøving av friluftslivet meiner vi difor ikkje er sett vesentleg til side. Det estetiske omsynet, ved at naturen ikkje ligg urørt ved akvakulturanlegget, vil vere ei ulempe. Sidan

⁴ Ein låseplass er eit arealavgrensa område nær strandlinja der fisk vert oppbevart i not/notinnhengning til den er klar for levering

⁵ [Forskrift 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg](#)

området for anlegget vert utvida, må ein kunne hevde at dette er ei ulempe. Vi har likevel kome fram til at denne ulempa ikkje vil setje omsynet bak planføremålet vesentleg til side, og at ulempa heller ikkje får stor vekt i ei totalvurdering av ulemper og fordelar med dispensasjonen.

Krav om reguleringsplan

Klagaren saknar ei vurdering frå kommunen av om tiltaket medfører krav om reguleringsplan. Gjennomføring av «*større bygge- og anleggstiltak*» og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, krev utarbeiding av reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 12-1 tredje ledd.

I Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) på side 228 går det fram at kva som er større bygge- og anleggsarbeid, må vurderast konkret ut frå dei tilhøva som gjer seg gjeldande på staden og i saka. Visse tiltak vil åleine i kraft av storleiken utløyse reguleringsplikt. I andre tilfelle kan tiltak som ikkje i seg sjølv er så store, men der verknadane for omgjevnadane er omfattande eller usikre, føre til reguleringsplikt. Normalt vil bygge- og anleggstiltak i nye byggeområde vurderast som større bygge- og anleggsarbeid som vil krevje reguleringsplan, med mindre det er gjeve føresegner i kommuneplanens arealdel om mindre og spreidd utbygging.

Vi viser til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til Salmon Group dagsett 07.06.2016⁶. Hovudbodskapen i brevet er at det bør vere ei planstyrt utvikling og avklaring av område for akvakultur, gjennom aktiv bruk av kommuneplanane. I tillegg uttalar KMD seg generelt om behovet for reguleringsplan:

«I særskilte tilfelle, der det er behov for en detaljert vurdering eller der tiltaket innebærer betydelige bygge- og anleggstiltak både i sjø og på land, bør også bruk av reguleringsplan vurderes.»

Vidare har KMD i same brev sagt følgjande om miljøverknader:

«Når det gjelder akvakulturlokaliteter, vil det også bli gjort mer detaljerte vurderinger av miljøvirkningene ved behandling av lokalitetssøknader etter akvakulturloven, som utfyller vurderingene i kommuneplanen. Det er derfor ikke nødvendig at alle miljøforhold er avklart i detalj i kommuneplanen.»

Det avgjerande for kravet om reguleringsplan, slik Fylkesmannen ser det, er dermed om det ligg føre særlege problemstillingar og utgreiingstema som ikkje er tilstrekkeleg avklara i løyve etter akvakulturlova⁷, jf. særleg kapittel II om tildeling av løyve (konsesjon). Som den nyare fråsegna frå KMD indikerer, vil detaljplanlegging vere aktuelt i særskilte tilfelle og etter ei konkret vurdering, medan det i normaltilfella er føresett at den overordna arealbruken skal vere avklara i kommuneplanen. I saker der arealbruken for anlegget ikkje er i samsvar med overordna plan, er utgangspunktet etter vårt syn derimot motsett, jf. også akvakulturlova § 15, og terskelen for reguleringsplikt vil då vere lågare. Utarbeiding av reguleringsplan kan også vere aktuelt dersom kommunen, av omsyn til interesser i eller utanfor anleggsområdet, ønskjer å knyte særlege føresegner til arealbruken, sjå eksempelvis pbl. § 12-7 nr. 2 og 3 mv.

Det er her relevant for saka at det ligg eit akvakulturområde inne i kommuneplanen, der anlegget som havarerte var plassert. Det vil seie at ei overordna vurdering av at eit akvakulturanlegg kunne plasserast her, er underlagt ei utgreiing og ein demokratisk prosess gjennom kommuneplanen.

⁶<https://www.fylkesmannen.no/PageFiles/827756/Svar%20-%20Klage%20-%20dispensasjonspolitik%20og%20n%C3%A6ringsutvikling.pdf>

⁷ [Lov 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur](#)

Vi har over gjort greie for dokumentasjonen som ligg føre, og meiner konsekvensar av tiltaket er godt nok utgreidd. Det vert vektlagt i vurderinga at dette tiltaket medfører reduksjon i utslepp samanlikna med det opprinnelege anlegget, og at dette får konsekvensar for behovet for utgreiing. Vi har difor konkludert med at det ikkje er krav til reguleringsplan for dette anlegget.

Vurdering av vilkåra for dispensasjon

Som nemnt før, inneber dispensasjonen ei utviding og ei forskyving på 10 daa av eit anlegg som allereie er lagt inn i kommuneplanen. Når det gjeld akvakultursaker, så skil desse seg frå til dømes byggjesaker, på den måten at alle akvakultursøknader skal leggjast ut til offentleg ettersyn, jf. laksetildelingsforskrifta § 8 tredje ledd. Ålmenta har difor hatt høve til å komme med merknader til søknaden, slik som til ein kommune- eller reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova §§ 11-14 og 12-10 første ledd. Omsynet til ein demokratisk prosess er difor teke i vare på ein noko annan måte i akvakultursaker, samanlikna med ordinære byggjesaker.

Vi er einige med sektorstyresmaktene i at forvaltninga av sjøareala og akvakulturnæringa som det klare utgangspunktet bør vere planstyrt, og at kommuneplanprosessen er eigna for å vurdere arealbehovet for næringa i ein større samanheng, og ta stilling til den samla belastninga for marint biologisk mangfald, så vel som andre råka interesser. Det følgjer mellom anna av regjeringa sin strategi for ei miljømessig bærekraftig havbruksnæring⁸ på side 18 at:

Dagens arealstruktur er preget av at næringa har vokst sterkt i mange år. [...] Strukturen i næringa er bygd opp ved at stadig nye lokaliteter er klarert i den rekkefølgen søknadene har kommet, uten at det har ligget en overordnet plan til grunn.

Vidare, i stortingsmelding, Meld. St. 16 (2014-2015) på side 38, skriv Nærings- og fiskeridepartementet at oppdrettsnæringa i større grad må styrast gjennom områdebasert forvaltning, og at utslepp frå anlegga ikkje berre kan vurderast på lokalitetsnivå.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev dagsett 07.06.2016 til Salmon Group AS, jf. ovanfor, også uttalt seg om dispensasjonspolitik i samband med akvakultursaker. Som det går fram av brevet, er det klart at nasjonale planstyresmakter ønskjer at etablering av akvakulturanlegg skal vere planstyrt, og at miljørisikoen er ei vesentleg grunngeving for områdebasert forvaltning.

Konsesjonsbehandlinga har etter vårt syn likevel avklart at interessene som planføremålet skal tilgodesjå ikkje vert vesentleg råka av dispensasjonen, og at omsyna bak planen med dette ikkje er vesentleg sett til side. Som nemnt over, er miljørisikoen ei viktig grunngeving for ønsket om planstyring. Vi har gjort greie for eksisterande dokumentasjon om miljørisikoen, som vi vurderer mest sannsynleg vil gi ei mindre belastning på miljøet enn det tidlegare anlegget vil gjere. På bakgrunn av eksisterande dokumentasjon, har vi difor kome til at omfanget av utvidinga samanlikna med arealdisponeringa i kommuneplanen, ikkje vil setje omsynet bak planen eller føremålsparagrafen i plan- og bygningslova § 1-1 vesentleg til side.

Når det gjeld spørsmålet om presedensverknad av denne saka, skil saka seg frå andre saker om utviding av akvakulturlokalitetar, ved at det opprinnelege anlegget har havart. Dette gjer saka annleis enn ordinære søknader om utviding, ved at avgjerd om nytt anlegg må takast av tiltakshavaren utan at han har høve til å tidsmessig samkøyre eller tilpasse endringa til ein

⁸ Fiskeri- og kystdepartementet, Oslo, april 2009

kommuneplanprosess. Vidare gjeld dispensasjonen eit noko mindre areal enn i fleire av dei andre sakene.

I vurderinga av ulemper med dispensasjonen, kan vi ikkje sjå at dispensasjon frå arealføremålet for det omsøkte anlegget medfører noko auka miljøpåverknad eller miljørisiko som kan reknast som ei ulempe med dispensasjonen, samanlikna med det eksisterande løyvet.

Ut frå dokumentasjonen som ligg ved, er det haldepunkt for at plastring-anlegg mest sannsynleg vil tole belastning frå vær, vind, straum og bølger betre enn stålanlegg. Oppdrettsanlegg som har slite seg, medfører tryggleiksrisiko for omgjevnadene, og ferdseilen til sjøs. Sjølv om ein må rekne med at løyvet til det opprinnelege anlegget har vore gitt ut frå forsvarlege vurderingar av tryggleik, dimensjonering mv., vil det etter eit havari vere naturleg og forsvarleg å vurdere på nytt kva som synest å vere det beste alternativet med tanke på tryggleik, og å tole sterke naturkrefter. I denne saka vurderer vi det slik at det er ein fordel med dispensasjonen at plastringsanlegget ser ut til å gi større tryggleik for omgjevnadane.

Eit anna særskilt omstende som skil denne saka frå andre søknader om utviding, er at ein dispensasjon for det omsøkte anlegget medfører mindre utslepp enn det stålanlegget og utsleppsløyvet tek høgde for. Det er relevant å leggje vekt på dette som ein fordel med dispensasjonen.

Dokumentasjonen tilseier også at denne typen anlegg gjev redusert risiko for rømming og betre forhold for å hindre lakselus. Dette vurderer vi som relevant å leggje vekt på som fordel med tiltaket.

Det skal ifølgje plan- og bygningslova § 19-2 tredje ledd leggjast særleg vekt på kva konsekvensar dispensasjon har for helse, miljø og tryggleik. Det er sagt i førearbeida til plan- og bygningslova at omsynet ikkje berre kan leggjast til grunn for å nekte dispensasjon, men også at det kan leggjast vekt på som grunngeving for å gje dispensasjon. Dette følgjer av ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s 139:

«Flere har pekt på at det ved dispensasjon må legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet. Dette er fulgt opp i forslaget. Det innebærer at en må være varsom med å gi dispensasjon som svekker disse interessene. Samtidig åpner det for at slike hensyn i spesielle tilfeller kan være med å begrunne at en dispensasjon bør gis.»

Vi har lagt vekt på at både miljø- og tryggleikssyn tilseier at dispensasjonen medfører ein fordel samanlikna med ei gjenoppbygging av stålanlegg på opprinneleg lokalitet. Saka er særskilt ved at lokaliteten har vore utsett for havari, og ved at dispensasjonen medfører betydeleg redusert utslepp. Trass i dei planmessige ulempene, har vi etter ei samla vurdering konkludert med at denne saka har særskilte omstende ved seg som gjer at fordelane ved ein dispensasjon er klart større enn ulempene.

Sidan det opphavlege akvakulturområdet framleis ligg inne i kommuneplanen, medfører dispensasjonen likevel juridisk sett ei utviding av det totale akvakulturarealet, noko som vil seie at tiltakshavaren utan ny dispensasjon ville kunne søkje om akvakulturaktivitet i det resterande området på innsida. Dette momentet medfører ei viss usikkerheit rundt vurderinga av fordelar og ulemper i fall situasjonen i det resterande akvakulturområdet skulle endre seg og det i framtida skulle bli aktuelt å ta det i bruk. Vi har vurdert saka ut frå føresetnaden som følgjer av søknaden, nemleg at dispensasjonen er nødvendig på grunn av den nye anleggstypen, og at den nye anleggstypen samstundes medfører at det resterande akvakulturområdet på innsida av det nye anlegget ikkje lenger skal nyttast til akvakultur.

Vi har etter ei totalvurdering og etter noko tvil falle ned på at det kan gjevast midlertidig dispensasjon til tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 19-3. Dersom situasjonen ved akvakulturlokaliteten endrar seg på ein måte som gjer at kommunen finn at vilkåra for dispensasjon ikkje lenger er til stades, til dømes at tiltakshavaren likevel ønskjer å ta i bruk resten av området i kommuneplanen som er sett av til akvakulturområde, men som ikkje er omfatta av gjeldande søknad, har kommunen heimel til ved pålegg å trekkje dispensasjonen attende.

Vedtak

- 1. Fylkesmannen avviser klagen frå Per Kristian Teige, på vegner av hytteeigarar og fastbuande.**
- 2. Fylkesmannen omgjer vedtaket frå Lindås kommune dagsett 16.07.2015, slik at det vert gitt midlertidig dispensasjon for tiltaket. Dispensasjonen gjeld inntil vidare. Kommunen kan ved pålegg trekkje dispensasjonen attende.**

Punkt 1 kan klagast på av Teige innan tre veker frå dette brevet kom fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal stilast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er klageinstans.

Punkt 2 er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Anne Kristin Eitungjerde
juridisk sjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Rådgivende Biologer AS	Bredsgården, Bryggen	5003	BERGEN
Per K. Teige	Kloppedalsveien 59	5221	NESTTUN

Elektronisk kopi:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø
Fylkesmannen i Hordaland	Pb. 7310	5020	Bergen